

## **KVILINGASTEINEN**

Kvilingasteinen ligg på ca.460 m.o.h.

Kvilingasteinen er ein stor stein nedanfor Lussandstølen. Han er så høg at det er passeleg å setja frå seg ein ryggsekk, eller anna ein har med seg. Då vart det lettare å få børa på ryggen att.

Oppå Kvilingasteinen ligg det ein mindre stein der det er innhogga E.O.S. 1804. Det er Endre Olavson Lussand som har gjort dette. Han var fødd i 1763 og døydde i 1821. Han vart gift med Marita Endresdotter Folkedal (1776-1830) i 1802.

Litt om kvilestader mellom Lussand og Lussandstølen langs stølsvegen:  
Det varierte noko etter årstid og kor mykje ein hadde å bæra på «kvar ein kvilde». Fyrste staden var på Utgjerslo, eller og på Øvste Utgjerslo. Så var det ved «Kjeldo» dersom der var vatten. Så var det under Trondsheldren. Vidare forbi Utgjerslohaldren og opp til Hedlersheldren. Der vart det ein lengre pause. Vintersdag hadde med ski ståande der. Det var vanskeleg å gå opp stølsvegen på ski. Derifrå opp «Klypet» og forbi Lomtjødn. Så var det Kvilingasteinen som var den siste faste kvileplassen før stølen.  
Dette er den snaraste vegen mellom Lussand og Lussandstølen.

**GOD TUR!**

Granvin turlag

Kjelde: «*Vigleik Mo- lokalkjend*».